

STRANDA KOMMUNE



Kommunedelplan for landbruk 2008-2011
Vedtøken av kommunestyret 26.03.2008



Kulturlandskap ved Helsetvatnet i Sunnlyven

Forord	5
Organisering	6
Del I Mål og handling	7
Hovudmål	7
Delmål	7
Strategiar og tiltak	8
PRODUKSJON	8
1.1 Stranda skal vere ein 'ja-kommune' for landbruket	8
1.2 Stranda kommune skal ha eit næringskontor med høg fagkompetanse	8
1.3 Stranda kommune skal medverke til vidareutvikling av det tradisjonelle landbruket .	9
1.4 Stranda kommune skal sikre areal- og ressursgrunnlaget for landbruket	9
1.5 Stranda kommune skal medverke til berekraftig skogkultur som sikrar god kvalitet og vekst i framtida	10
1.6 Stranda kommune skal medverke til ei god viltforvaltning	10
ARBEIDSPLASSAR	11
2.1 Stranda kommune skal medverke aktivt til utbygging av landbruksbaserte tilleggsnæringar	11
2.2 Kommunen og næringsorganisasjonane skal medverke til å byggje gode fagmiljø for næringsutøvarar i landbruket i Stranda kommune	12
2.3 Innbyggjarane skal få informasjon om verdiane som vert skapt av landbruket og dei landbruksbaserte næringane i Stranda kommune	12
BUSETTING	13
3.1 Stranda kommune skal medverke til auka busetting på bygdene	13
KULTURLANDSKAP	13
4.1 Stranda kommune skal medverke til å sikre verdifulle naturområde med bygningar, kulturminne og kulturmark, og dessutan sikre leveområde og livskraftige bestandar av plantar, fisk og vilt	13
4.2 Stranda kommune skal arbeide for at landbruket blir tilkjent ei viktig rolle ved skjøtsel av verdsarvområdet	14
Del II Kjerneområde landbruk	15
Godt eigna for matproduksjon, Grøn farge:	15
A1 Liabygda	16
A2 Bygda, Stranda	16
A3 Ødegård og Jelle	17
A4 Langlo og Ringstad	17
A5 Strandadalen	18
A6 Sunnylvsbygda	18
A7 Langedalen, Sunnylven	18
Verdifulle område for landbrukets kulturlandskap, Oransje farge:	19
B1 Kleberg og Ansok	20
B2 Espehjelle	20
B3 Furset og Engeset	20
B4 Instesetra, Strandamoldskreddalen	20
B5 Hellesylt sentrum og sentrumsnære bruk	20
B6 Fjord- og fjellgardar i Sunnylvs- og Geirangerfjorden	21
B7 Geiranger	21

Del III Status	23
Plandokument og rammer	23
Nasjonale og regionale mål	23
Viktige lokale målsettingar	23
Verkemiddel	23
Juridiske verkemiddel	23
Økonomiske verkemiddel	24
Lokal forvaltning	25
Ressursar på næringskontoret	25
Viktige samarbeidspartnarar	25
Forvaltningspraksis i Stranda kommune	25
Landbruket i Stranda kommune	26
Naturjevne forhold og naturgrunnlag	26
Fråflytta gardar langs fjorden	26
Jordbruksareal	26
Gardsbruk	27
Planteproduksjon	27
Husdyrproduksjon	27
Storfe	27
Sau	29
Geit	30
Andre husdyr	30
Skogbruk	31
Karakteristika for kvart bygdelag	34
Sunnylven	34
Stranda og Fausadalen	34
Liabygda	35
Geiranger	36
Særskilte tiltak i Geiranger	36
Landbruksbaserte tilleggsnæringar	37
Utleige og turisme	37
Gardsmat og matforedling	37
Grøn omsorg	37
Andre moglegheiter	37
Del IV Vedlegg	39
Vedlegg 1: Kart	39
Vedlegg 2: Overordna retningslinjer for handsaming av søknader om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, skogbruksplanlegging og spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)	53
Vedlegg 3: Tiltaksdel for Forvaltningsplan Geiranger	60

Forord

Landbruket er sårbart for kva som skjer elles i samfunnet. Landbruket vedkjem ikkje berre bøndene. Eit sterkt landbruk i kommunen er viktig for å kunne oppfylle stadig viktigare samfunns mål som trygg matproduksjon, livskraftige bygder og forvaltning av miljøverdiar og andre felles gode i kulturlandskapet.

Trenden både lokalt og nasjonalt er eit kraftig press på landbruket. Tal bruk i drift er raskt på veg nedover, og det blir ei uttynning av fagmiljøet. Dei som driv sentrumsnært opplever sterkt konkurranse om arealressursane. Gardbrukarane lenger unna sentrum kan gjerne oppleve redusert busetting. Ein ser tydeleg attgroing av tidlegare kulturmark, med redusert visuell kvalitet og redusert kvalitet for rekreasjonsføremål som resultat.

Kommunen er landbruksmyndigheit og har ansvaret for å ivareta landbruket sine interesser. Gjennom Stortingsmelding nr. 19 (2001-02) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet- regionalt og lokalt nivå*

fekk kommunane stor grad av sjølvstyre innan landbruksforvaltninga. Kommunane har no hand om mange av både dei juridiske verkemidla, t.d. jordlov, konsesjonslov og odelslov, og dei økonomiske verkemidla i landbruket, t.d. SMIL.

I Stortingsproposisjon nr. 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling*, vart kommunane rådde til å utarbeide tiltaksretta miljø- og ressursplanar for landbruket. Dette er seinare fylgt opp ved fleire stortingsmeldingar og med hjelpemiddel til prosessen. Fylket, fylkesbondelaget og lokale bondelag har også oppmoda om å få på plass ein landbruksplan for Stranda kommune. Med det ansvaret kommunane no har for landbruket, er det viktig at kommunen med utgangspunkt i nasjonale mål utarbeidar eigne mål for korleis landbruket lokalt skal utviklast i tida framover. Vidare at kommunen lager betre verktoy for landbruksforvaltninga; måla kan berre realiserast gjennom konkrete tiltak.

Landbruksplanen skal:

- Få fram kva landbruksnæringa har å seie for verdiskaping, sysselsetting, miljøverdiar og busetting. Landbruksnæringa må setjast inn i eit samfunnsmessig heilskapleg perspektiv. Innsikt i næringsverksemda er avgjerande viktig for å ivareta landbruket sine interesser og behov opp i mot anna kommunal samfunns- og arealplanlegging
- Syne kor viktig det er for landbruket at arealressursane vert sikra. Planen skal fungere som landbruksnæringa sitt bidrag til å avklare arealbruksinteressene som kjem fram i kommuneplanprosessane
- Synleggjere utfordringane næringa har
- Vise moglege interesse motsetjingar eller felles interesser mellom ulike produksjonar eller mellom ulike arealbruksføremål internt i landbruket
- Synleggjere og framheve landbruket sitt ansvar i høve til miljøverdiar, som t.d. å legge til rette for friluftsliv, ta vare på biologisk mangfald, sikre landskapsverdiar og kulturmiljø og, -å hindre eller redusere landbruksforureining
- Dokumentere landbruksinteressene i område som er verna eller foreslått verna. Planen skal vise kvar og på kva måte landbruket har felles, eller eventuelt motstridande interesser med andre bruksføremål. Vise korleis skjøtsel påverkar verneverdiane

- Utforme prinsipp for handsaming av enkeltsaker. Planen kan medverke til ei meir heilskapleg, rasjonell og føreseieleg sakshandsaming
- Målrette økonomiske og faglege virkemiddel til dei områda der nytten vil vere størst
- Vurdere moglegheitene for næringsutvikling. Planen bør avklare vegval og virkemiddelbruk for å oppnå ynskt utvikling
- Signalisere vidare til næringsutøvarane den naudsynte respekten for deira viktige rolle som forvaltarar av verdier som er sentrale for lokalsamfunnet

Landbruksplanen er ein tematisk kommunedelplan, og er handsama etter plan- og bygningslova § 20-5. Ein slik plan er ikkje juridisk bindande, slik som arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplanar. Den skal vere retningsgivande for behandling av saker etter plan- og bygningslova.

Kart over kjerneområda skal ligge til grunn ved rullering av kommuneplanen sin arealdel. Det skal leggjast vekt på å unngå nedbygging og infiltrering av kjerneområda for landbruk.

Planen skal gi grunnlag for å prioritere verkemiddel innafør landbruket.

Organisering

Kommunestyret i Stranda vedtok i sak 033/05 å starte utarbeidinga av landbruksplan. Det vart oppretta ei arbeidsgruppe sett saman av representantar frå landbruksnæringa, kommuneadministrasjonen (landbruksforvaltning) og politisk nivå:

MNK:	Karianne S. Myklebust, leiar
Geiranger:	Arnfinn Westerås
Liabygda/skog:	Jostein Dalen
Stranda:	Per Kristian Gjerde
Sunnylven:	Peder Hellebostad

Næringsavdelinga er sekretariat for arbeidsgruppa, med nærings sjefen som ansvarleg.

Del I Mål og handling

Hovudmål

Landbruket i Stranda kommune skal sikre produksjon, arbeidsplassar, oppretthalde busettinga og pleie kulturlandskapet i bygdene

Delmål

PRODUKSJON

- Matproduksjonen i Stranda kommune skal oppretthaldast minst på dagens nivå (2007)
 - Storfekjøtt, kg. Svinekjøtt, kg. Sauekjøtt, kg. Kumjøl, liter. Geitmjøl, liter.
- Produksjon av skogsvirke skal aukast i takt med det auka potensialet som kulturskogen gir

ARBEIDSPLOSSAR

Summen av tal arbeidsplassar knytt til tradisjonell landbruksdrift og nye næringer i landbruket skal oppretthaldast minst på dagens nivå eller aukast

BUSETTING

Busettingsstrukturen i grendene skal oppretthaldast minst på dagens nivå

KULTURLANDSKAP

- Auke i talet på beitande husdyr
- Vidareføre tradisjonell skjøtsel av særskilt verdifulle kulturlandskapsområde
- Stimulere til alternativ produksjon på jordbruksareal som har gått ut av drift (lauvskogskjøtsel/ bioenergi)
- Ta vare på kulturminne knytt til landbrukets kulturlandskap

Strategiar og tiltak

Det er for nokre tema sett opp frist for tiltaka. Tiltak som er sett opp utan frist er tiltak som foregår kontinuerleg.

Under ansvar er det nytta følgjande forkortingar:

NS -	nærings sjef
SS -	skogbrukssjef
LK -	landbrukskonsulent

PRODUKSJON

1.1 Stranda skal vere ein 'ja-kommune' for landbruket

TILTAK	ANSVAR	FRIST
▪ Kommunen skal møte næringsutøvarar som vil utvikle eigedommane sine med ei positiv haldning, vere rådgjevar og medverke til å finne løysingar		
▪ Næringsutval og kommunestyre skal haldast godt orienterte om at landbruket er ei viktig næring for Stranda kommune	NS	
▪ Landbruk skal vere tema i kommunestyret minst annakvart år	NS	

1.2 Stranda kommune skal ha eit næringskontor med høg fagkompetanse

TILTAK	ANSVAR	FRIST
▪ Det skal vere krav til høg landbrukskompetanse ved næringsavdelinga		
▪ Kontoret skal ha høg kompetanse på lovforvaltning etter regelverket som gjeld for landbruket		
▪ Kjenne tilskottsordningane for landbruket så godt at ein er i stand til å gjere seg nytte av desse til beste for næringa	LK	
▪ Drive aktiv informasjon gjennom godt utbygde heimesider med linkar, gjennom informasjonsmøte i bygdelaga og andre tilpassa informasjonstiltak	NS, SS, LK	

1.3 Stranda kommune skal medverke til vidareutvikling av det tradisjonelle landbruket

TILTAK	ANSVAR	FRIST
▪ Sørge for å ha samarbeidspartnarar som set kontoret i stand til å stimulere og leggje til rette for verdiskaping, drive rådgjeving ved bruksutbygging og driftsplanlegging og ved etablering av landbruksbaserte tilleggsnæringar	NS, SS, LK	
▪ Gje årleg tilskott til forsøksringen	NS	
▪ Aktiv medverknad i bygdeutviklingsprosjekt	NS	2008
▪ Medverke til å utvikle samarbeidsløysingar mellom einskildbruk og i bygdelag	NS, LK	2008
▪ Vurdere innføring av stipend eller andre stimuleringsiltak for å oppmuntre til at fleire tek landbruksutdanning	NS, LK	2009
▪ Arbeide i lag med Storfjord landbrukstenester for rekruttering av fleire avløyssarar	NS, LK	2009
▪ Om naudsynt arbeide for sikring av veterinærtilbodet	NS	2008
▪ Medverke aktivt til utbygging av landbruksbaserte tilleggsnæringar, syner til punkt 2.1	NS	

1.4 Stranda kommune skal sikre areal- og ressursgrunlaget for landbruket

TILTAK	ANSVAR	FRIST
▪ I saker som gjeld frådelling og samanslåing av landbrukseigedommar skal Stranda kommune bruke jordlova aktivt for å styrke og utvikle landbruksnæringa	NS, LK	
▪ I sitt planarbeid skal Stranda kommune sikre at det blir teke omsyn til landbruket sine langsiktige arealbehov, medvirke til god arrondering og unngå nedbygging av landbruksareal	Kommunen	
▪ Kommunen skal ha dialog med konsesjonssøkjjarar for å sette rimelege konsesjonsvilkår om frådelling eller leige av jord til aktive i næringa i form av langsiktige kontraktar, i dei tilfella der konsesjonssøkjjar ikkje har planar om aktiv landbruksdrift	NS, LK	
▪ Lage strategi for næringsutvikling og arealbruk på stølsområda, særleg for setrar med aktiv drift	NS	2008- 2009
▪ Næringsavdelinga skal sørge for å gi nye folkevalde representantar ei innføring i hovudretningslinene for god og langsiktig arealforvaltning, spesielt jordvern og kulturlandskap	NS, LK	2008
▪ Kommunen sitt næringsfond skal kunne nyttast til næringsprosjekt innanfor jordbruk, skogbruk, utmark og tilleggsnæringar etter same kriterier som gjeld for andre næringar	NS	

- Kommunen vil utarbeide nye retningslinjer for bruk av kommunale midlar som støtte til kjøp av mjølkekvote NS 2008

1.5 Stranda kommune skal medverke til berekraftig skogkultur som sikrar god kvalitet og vekst i framtida

TILTAK	ANSVAR	FRIST
▪ Auke interessa og kunnskapen kring skogskjøtsel og skogbruk gjennom kurs, informasjon og oppsøkjande verksemd. Nytte av NMSK-midla (tilskott til nærings- og miljøtiltak) til tiltak for kompetanseheving	SS	
▪ Prioritere tilskott til nærings- og miljøtiltak i dialog med næringa	SS	
▪ Oppretthalde kommunalt tilskott til skogkultur (herunder skogplanting og ungsogpleie)	SS	
▪ Stimulere til skjøtsel av lauvskogen og produksjon av bioenergi på jordbruksareal som har gått ut av drift og der alternativet er ukontrollert attgroing	SS	
▪ Oppretthalde kommunalt vegtilskott, og stimulere til vidare utbygging av skogsbilvegnettet	SS	
▪ Arbeide for å få utarbeidd nye skogbruksplanar for eigedomane i kommunen	SS	

1.6 Stranda kommune skal medverke til ei god viltforvaltning

TILTAK	ANSVAR	FRIST
▪ Arbeide vidare med etablering av overordna retningslinjer for hjorteforvaltninga i kommunen	SS	2008
▪ I forvaltninga innarbeide omsynet til skadar hjorten valdar. Informere og utfordre grunneigarane på deira rolle i hjorteforvaltninga	SS	



Landbruk foregår i ei smal sone mellom fjord og fjell. Utsikt frå vegen til Lie nordvestover mot Opsvik, Vike, Skarbø og Helsem

ARBEIDSPASSAR

2.1 Stranda kommune skal medverke aktivt til utbygging av landbruksbaserte tilleggsnæringar

TILTAK	ANSVAR	FRIST
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Informere både breitt og individuelt om høve for tilleggsnæringar på garden. Døme på dette er økologisk drift, frukt og bær, geoturisme, matforedling, grøn omsorg, bygdeservice, kraftutbygging, pelsdyr... 	NS, LK	2008
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Halde seg tilstrekkeleg orientert, slik at dei som vender seg til kommunen med utviklingsidéar kan få hjelp til å finne fagkompetansen dei treng. Etableringa av eit lokalt hoppid.no-kontor vil omfatte denne førstelinetenesta 	NS, LK	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Delta i nettverk der det vert utvikla samarbeidstiltak som skal auke verdiskaping og næringsinntekter knytt til utmarksressursar og geoturisme. Formidle informasjon og kunnskap frå desse til næringsutøvarane 	NS	2009
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjere lokal foredling av mat til eit satsingsområde i kommunen gjennom å delta aktivt i prosjektet Matmangfald i Møre og Romsdal 	NS	
<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vidareføre og utvide samarbeidet med Storfjord kompetansesenter og 'verdsarvskulen' Stranda vidaregåande skule 	NS	

- | | | |
|---|--------|------|
| ▪ Vurdere tiltak for å auke interessa for 'inn på tunet' og økologisk landbruk | NS, LK | 2008 |
| ▪ Arbeide for å auke omstillingskompetansen hos gardbrukarane. Til dømes ved å arrangere Bygdekompass eller liknande kurs | NS | 2010 |
| ▪ Løfte fram dei som 'gjer noko anna' | Alle | 2008 |

2.2 Kommunen og næringsorganisasjonane skal medverke til å byggje gode fagmiljø for næringsutøvarar i landbruket i Stranda kommune

- | TILTAK | ANSVAR | FRIST |
|---|-----------------------------|--------------|
| ▪ Etablere møteplassar/ forum for fagleg utvikling og samarbeid | Næring, kom-
mune,
NS | 2009 |
| ▪ Stø tiltak som kan skape gode landbruksmiljø i dei ulike grendelaga | NS, LK | |

2.3 Innbyggjarane skal få informasjon om verdiane som vert skapt av landbruket og dei landbruksbaserte næringane i Stranda kommune

- | TILTAK | ANSVAR | FRIST |
|--|----------------|--------------|
| ▪ Opne gardsbruka for besøk. Gi alle barnehagane i bygda høve til minst eitt gardsbesøk i året. Marknadsføre næringa overfor skulane, og oppmode dei til å sette av midlar | Næringa | |
| ▪ Informere om verdiskapingspotensiale, og sørgje for objektive framstillingar av bruk versus vern | NS,
næringa | |
| ▪ Gjere landbruket synleg i lokale media | NS,
Næringa | |

BUSETTING

3.1 Stranda kommune skal medverke til auka busetting på bygdene

TILTAK	ANSVAR	FRIST
▪ Stimulere til omsetning av landbrukseigedommar <ul style="list-style-type: none">○ Kartlegge bruk som er aktuelle for omsetning○ Sørge for at det er allment kjent at det er etterspørsel etter gardsbruk	NS, LK	2010
▪ Restriktiv praksis for fritak frå bu- og driveplikta på gardar med vegtilknytning og der ein kan sannsynleggjere at bruket aleine eller i kombinasjon med andre næringar gir tilstrekkeleg inntektsgrunnlag. Dette gjeld ikkje ved samanslåing av eigedommar	NS, LK	
▪ Følgje opp gardsbruk der buplikta ikkje er oppfylt	Sekretær	2008
▪ I konsesjonssaker og bu- og drivepliktssaker skal kommunen søkje dialog og vere proaktiv	NS, LK	
▪ Vurdere trongen for utforming av nærare retningslinjer for praktisering av konsesjonslov og bu- og driveplikt	NS	2008
▪ Vurdere å starte arbeid for å få tilflyttarar frå andre land til kommunen	NS, kommunen	2008
▪ Imøtekomande haldning til bustadbygging i område med negativ folketalsutvikling	Kommunen	
▪ Bruke næringspolitikken og generelle næringsutviklingstiltak (til dømes bygdemobilisering) aktivt med det føremål å styrkje busettinga	NS	2008

KULTURLANDSKAP

4.1 Stranda kommune skal medverke til å sikre verdifulle naturområde med bygningar, kulturminne og kulturmark, og dessutan sikre leveområde og livskraftige bestandar av plantar, fisk og vilt

TILTAK	ANSVAR	FRIST
▪ Drive aktivt informasjonsarbeid om økonomiske støtteordningar til kulturlandskap	LK	2008

- Sørgje for ein rettmessig del av fylket sine miljømidlar vert tildelt Stranda kommune LK
- Syte for at prioritering av tilskott til miljøtiltak vert drøfta i ei gruppe med representasjon frå landbruksnæringa LK
- Sikre at tilskott retta inn mot miljøtiltak i landbruket også kjem svært verdifulle område for biologisk mangfald som i dag ikkje er i drift til gode LK
- Sjå til at biologiske registreringar vert nytta aktivt i kommunen si sakshandsaming av SMIL-saker, plansaker og dyrkingssaker NS, LK
- Vurdere å bruke deler av SMIL-midla til kampanjar, til dømes for rydding av neddotte gjerder, lagring av rundballar, auke husdyrgjødselkapasiteten. Eventuelle kampanjar vert bestemt i lag med rådgevande gruppe NS, LK 2008
- Medverke til planlegging og finansiering av fellestiltak for beitebruk og gjerdehald LK 2009
- Vurdere medverknad for auka utlån av beiter LK 2008
- Stimulere til utarbeiding av skjøtselsplanar og steg 2 av miljøplanen LK 2009
- Praktisk og fagleg forsvarleg praktisering av regelverk for å hindre og redusere forureining med gjødsel eller plantevernmiddel i vatn NS, LK

4.2 Stranda kommune skal arbeide for at landbruket blir tilkjent ei viktig rolle ved skjøtsel av verdsarvområdet

TILTAK	ANSVAR	FRIST
▪ Rapporten "Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda. Del 1: Vestnorsk fjordlandskap" vil bli retningsgevande for tiltaka i verdsarvområdet	NS	
▪ Arbeide for frisk kapital til skjøtsel av kulturlandskapet (dvs. ikkje midlar via jordbruksoppgjæret)	Kommunen	
▪ Arbeide for at reiselivet skal vere ein aktiv bidragsytar m.o.t. pleie av kulturlandskapet	Kommunen	
▪ Følgje opp forprosjekta om fellesfjøs i Geiranger og utviklingsselskap i Geiranger	NS, LK	2008
▪ Følgje opp tiltaksdel for Forvaltningsplan Geiranger (vedlegg 3)	NS, LK	
▪ Sikre at landbruket er representert og blir hørt i dei fora som forvaltar verdsarven	Kommunen	2008

Del II Kjerneområde landbruk

Kartdelen av landbruksplanen er utforma etter retningslinene for 'Kjerneområde landbruk', presentert av Landbruks- og matdepartementet i ein vegleiar (www.odin.no/lmd/html/kjerneomraade/index.html).

Landbruket er avhengig av areal. Føremålet med å merke av kjerneområda på eit kart er å medverke til å ei langsiktig forvaltning av ressursane for matproduksjon og unngå nedbygging og oppstykking av jorda, forringing av kulturlandskapet eller tap av biologiske verdiar knytt til landbruket.

Det at eit område ikkje er prioritert som kjerneområde skal ikkje forståast slik at det er verdiløst. Men når ein vert tvunga til å prioritere, må dette sjølvsagt få den konsekvensen at nokre område fell ut. Føremålet med kjerneområda er å gjere tydeleg at desse areal skal ha eit ekstra vaksamt blikk utover det Jordlova krev.

På areal som har hamna utanom kjerneområda, er det framleis viktig jordbruksareal og gode gardsbruk. Jordvernet etter jordlova gjeld også desse områda slik som tidlegare. Her er ikkje planlagt nokon ulikebehandling når det gjeld høve for bruksutvikling og tilgang til offentleg finansiering.

Jordvernpolitikken er i dag slett ikkje mindre vektlagt enn før frå styremaktene. Det er tvert i mot slik at ein over tid har sett tendensar til at praksis har gått i feil retning, trass i tydelege signal og ønskje om det motsette. Difor ønskjer LMD å innskjerpe politikken på området. Kjerneområdeinndelinga skal vere det praktiske hjelpemiddelet på lokalplanet å styre etter i så måte.

Godt eigna for matproduksjon, Grøn farge:

Verdien av eit areal for matproduksjon avheng av:

- Jordsmonn
- Klima
- Helling (lite helling er viktig for store areal som vert hausta maskinelt, men ei viss helling kan vere gunstig ved produksjon av frukt og grønsaker)
- Storleik og arrondering (form)

Av desse parametrane er det jordkvaliteten og klimaet som er mest bestemmande for det *potensialet* eit areal har for jordbruksproduksjon. Kommunen er ikkje jordsmonnkartlagt, og det finst såleis berre avgrensa informasjon om jordkvalitet. Det finst målingar frå tidlegare klimastasjonar i bygda, men desse gir ikkje noko direkte informasjon om planteproduksjonspotensialet utan å rekne om til slike parametrar. Det er difor sett opp nokre forenkla retningsliner for klimavurderinga basert på høgde over havet. Det er heller ikkje gjort koplingar mellom jord- og klimaparametrar (klimasoner) for området. Vi har difor avgrensa mulegheiter for å basere vurderingane på strengt fagleg grunnlag. I staden er det nytta lokalt kartverk (DMK) og lokalkunnskap i stor grad.

Ein har lagt vekt på det *biologiske produksjonspotensialet* ved verdivurderinga. Dette er gjort fordi areal tid om anna av ulike grunnar ikkje vert utnytta i samsvar med mogleg yteevne og faktisk arealtilstand. Såleis kan areal som er mellombels ute av bruk, men der prosessen ikkje

har gått så langt at produksjonsevna er vesentleg redusert, framleis ha eit intakt produksjonspotensial og dermed vere inkluderte i kjerneområde landbruk.

Følgjande grenseverdiar er nytta som retningsgjevande for inndelinga etter storleik, høgde over havet og halling:

- Minst 100 daa samanhengande jordbruksareal
- All dyrka mark under 100 moh er i hovudsak med, areal over 400 moh er i hovudsak ikkje med
- Mindre halling enn 1:5.

I denne gruppa kan berre dei to klassene av jordbruksareal med høgst dyrkingsgrad (fulldyrka jord og overflatedyrka jord) i Digitalt Markslagskart inngå. Dette vil seie at figurar med innmarksbeite ikkje er inkluderte sjølv om dei fyller kriteria ovanfor.

Uttrykket samanhengande jordbruksareal ovanfor må ikkje forståast heilt bokstaveleg. Smale randsoner av skog t.d. har ein ikkje teke omsyn til i denne vurderinga.

Nå det gjeld halling har ein skjela litt til samanhengen i areala og om dei tilhøyrer same eigedom når grensene er trekte. Ein vil difor kunne finne døme på avvik i høve til regelen ovanfor.

Produksjonsmiljøet er ein viktig føresetnad for eit aktivt landbruk. Vurderingane om dette byggjer på lokalkunnskap.

På areal der det ligg føre godkjende planar for utbygging er det teke omsyn til dette ved avgrensinga av kjerneområda. Dersom det derimot ikkje er gjort endeleg vedtak, har vi sett bort frå planen.

A1 Liabygda

God, flat og lettstelt jord. Arronderinga er delvis dårlegare grunna topografi og bruksstruktur. Godt produksjonsmiljø. Storparten av bygda, gardane Ringset, Stavseng, Lied og Overå er med i kjerneområdet.

Ansok og Kleberg er ikkje tekne med, men er i staden definerte som kjerneområde for kulturlandskap (B1).

Nokre jordbruksteigar i bakkane ned mot Liasjøen (Brauta) og i retning Overåneset er haldne utanom. Også gnr 9 bnr 7, Kolda, fell utanom kjerneområdet.

A2 Bygda, Stranda

Dette er av dei områda der det er størst press på jordbruksareal til bustadbygging, og arealressurskonfliktane er uttalte.

Produksjonsmiljøet har vorti tynnare dei siste åra. Areal er til dels bratte. Basert på klima og jordsmonn er dette likevel av dei beste jordbruksareala vi har, og det er trong for vern av jordressursane.

Mykje av areal har fått beste klassifisering, dvs. 'Fulldyrka, lettbrukt jord' i markslagskartet. Det som likevel særmerker dette området framfor anna areal i Stranda, er lokalklimaet. Våren er svært tidleg, det er akkurat passe slak helling mot aust og svært solrikt om sommaren. Hageselskapet opererer med klimasone 4 langs fjordane våre, medan dalane har opp mot klimasone 8. Tabell 1 viser at Helsem har nesten like godt klima som Linge.

Tabell 1: Historiske data frå meteorologisk institutt: temperaturnormalar for klimastasjon på Helsem i perioden 1961-1990, samanlikna med tilsvarende data frå klimastasjon på Linge.

	Moh	jan	feb	mars	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	snitt
Helsem	84	-0,8	-0,5	1,7	4,2	9,1	12,2	13,4	13,1	9,8	6,8	2,0	0,2	5,9
Linge	50	0,8	1,0	2,9	5,5	10,2	13,0	14,3	13,9	10,6	7,9	3,7	1,5	7,1

Til saman gjer dette at dei areala vi her snakkar om er av den aller beste jorda på Indre Sunnmøre. Det er ikkje lenge sidan dette var hagebruksspiskammerset på Indre Sunnmøre, med frukt, grønnsaker og bær. Areala er årvisse med tanke på korndyrking.

Ein har difor trekt avgrensinga på 100-meterskoten. I grove trekk er dette identisk med traseen for bygdevegen (om lag 80 moh.). Alt areal under denne lina er med i kjerneområde landbruk. Lenger innover i bygda der det er fleire bruk i aktiv drift, er også høgareliggjande areal med.

Liene er også inkludert i kjerneområdet. Dei naturgitte føresetnadene, bratt, einbølt og høgt over fjorden (350 moh), tilseier at dette ikkje er av den mest attraktive jordbruksjorda vår. Men eigarane har opparbeidd garden til å bli Noregs største einskildståande bruk for geit. Dette har vore utslagsgjevande for at areala her er trekte med, trass i at dei ikkje fyller kriteria på alle dei andre områda.

På Vike omfattar kjerneområdet på 15/2 ein tinglyst vegrett. Statusen skal ikkje vere til hinder for etablering av vegen når det skulle bli aktuelt.

A3 Ødegård og Jelle

Det området i sentrum som er omfattande nok til at ein har vald å opprette eit kjerneområde, er Ødegård og Jelle. Her finn ein det einaste mjølkeproduksjonsbruket i sentrum på ei større samanhengande jordvidde som er flat og godt arrondert.

I sentrum av Stranda, på Langlo, Ringstad, Sløgstad, Ous, Kjølås, Hjelle og Framhus er fleire mindre jorder med nokså stort totalt areal. Arronderinga er såpass dårleg, inneklemt mellom bustadhus, at det er vanskeleg å forsvare innlemming i kjerneområdet. Areala utpeikar seg heller ikkje spesielt klimamessig, og det er nesten ikkje produksjonsmiljø att. På sørsida av elva (Kjølås, Hjelle og Framhus) er det også delvis mykje bratt areal.

Det er likevel viktig å understreke at jorda i sentrum er viktig som fôrgrunnlag for gardsbruka i Strandadalen. Jordbruksjorda i sentrum utgjer dessutan grønne lungar i sentrumsområdet.

A4 Langlo og Ringstad

Her er argument som talar både for og mot å opprette eit kjerneområde på Langlo.

Argumenta mot:

- svært avgrensa gardsdrift, og areala er i all hovudsak leigejord for andre bruk
- svak arrondering då jorda er delt mellom bruka i relativt små teigar
- areala er i nokon grad innebygde av bustadbygging og vegar

Argumenta for:

- nokså stort samanhengande areal (om lag 100 daa) med tydeleg jordbrukspreg
- svært liten grad av oppstyking av arealet med bustad- og vegbygging

- djup, fruktbar, tørkesterk jord. Jorda krev god drenering, har passande halling for dette
- all jord er i bruk og er eit viktig ressursgrunnlag for gardsdrifta andre stader i bygda

Vi har vurdert argumenta for som sterkare enn argumenta mot, og har oppretta eit kjerneområde for matproduksjon her.

A5 Strandadalen

Grendene Røy, Overvoll, Emdal, Fjørstad, Helstad, Myklebust, Øyane og Habostad er med.

Jorda i fremste del av Strandadalen er flat og lettdriven, i relativt store vidder. Her er godt produksjonsmiljø. Arealet vert brattare desto lenger heim i dalen ein kjem. Arronderinga vert også gradvis dårlegare. Det er ei vurderingssak kvar grensa skal gå. Vi har teke med heile Habostadgrenda. Sjølv om landskapet blir både bratt og teigane mindre lengst heim i grenda, er det eit samanhengande kulturlandskap som gjer det unaturleg å setje eit dele gjennom grenda.

Deler av Emdal er bratt, men også her har ein vald å ta med heile grenda. Slettvoll og Emdalsgjerdet er halde utanom kjerneområdet.

På Røy er vi nokså høgt til fjells, 434 moh. Etter ei totalvurdering m.o.t. naturgitte føresetnader og produksjonsomfang har ein vald å inkludere Røy i kjerneområdet.

A6 Sunnylvsbygda

Heile bygda frå Øye til Vollset har store flater med god, djup jord. På Vollset har ein kome opp i 350 moh., men store, lett drivne areal har gjort at dette området vert med.

Frøysadalen ligg berre om lag 50 m høgare enn Vollset, men brattare areal og dårlegare arrondering gjer at dette ikkje er med.

Korsbrekke er avgrensa med både grøn og oransje strek. Stadheim fyller ikkje krava til kjerneområde landbruk grunna anten helling, arrondering og storleik på areala.. Lokalklimaet tilseier heller ikkje særskilt gode vekstvilkår, til tross for at vi er på havnivå. Området er derimot vurdert som kjerneområde for kulturlandskap (B5).

Gardane Åsen og Hellebostad er heller ikkje med, men er vurdert som kjerneområde for kulturlandskap (B5).

A7 Langedalen, Sunnylvn

Omfattar grendene Tryggestad, Tronstad og Nibbedalen til og med Fivelstadhaugen.

Her er mykje god jordbruksjord i relativt store, samanhengande flater. Her er også eit godt produsentmiljø med mange unge utøvarar.

Mykje av jorda ligg høgt over havet. Det kan sjølv sagt vere aktuelt å setje ei høgdegrens, men det er ei vanskeleg vurdering kvar grensa skal gå.

Desse grendene er ikkje tekne med i kjerneområdet:

- Kjellstad. Det bur ikkje folk på garden. Areala er berre i drift som fôrgrunnlag til andre bruk, og store deler av arealet er brattare enn 1:5

- Kjellstadli og Langøyli. Kombinasjonen av relativt små areal, noko dårleg arrondering og noko bratt areal gjer at desse grendene er haldne utanom kjerneområdet
- Røyarhus ligg om lag 500 moh. I dei høgtliggande grendene er kort vekstsesong, til dels store problem med overvintringsskade og store utfordringar med grøfting moment som gjer at Røyarhus ikkje er med. Dette trass i at her er store flater med god arrondering
- Grensa er også trekt utanom Langeland og Karbø, då her er mindre og til dels svært bratte areal

Verdifulle område for landbrukets kulturlandskap, Oransje farge:

Kriteria som er lagt til grunn for denne vurderinga er:

- Landskapsoppleving
- Tilgjenge
- Biologisk mangfald
- Kulturminne/ kulturmiljø
- Større, heilskaplege område

I denne gruppa kan alle grupper av jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) slik dei er definerte i digitalt markslagskart inngå.

Fråflytta bruk i attgroing og seterområde som er klassifiserte som kulturlandskap er avgrensa med ein sirkel i staden for ei tradisjonell avgrensing.

Prioritering for oransje farge vil verte viktig prioriteringsgrunnlag for verkemiddel med tanke på skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskap. Det må presiserast at SMIL-midla som mellom anna går til å støtte kulturlandskapstiltak, er prioriterte til bruk med aktive landbruksdrift. For dei mange nedlagte og/ eller fråflytta bruka er det stor mangel på verkemiddel for å halde ved like husa og bøane.

Som grunnlag for prioritering har vi brukt følgjande rapportar:

- Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga: *Storfjordprosjektet. Fagrapport om fjordlandskapet i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltninga*
- Dag Holtan og Karl Johan Grimstad: *Biologisk mangfald i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000*
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernabdelinga: *Biologisk mangfald innafør Geiranger-Herdalen Landskapsvernområde. Rapport 2001:03*

B1 Kleberg og Ansok

Eit svært særeige og vakkert kulturlandskap som også er eit populært utfartsområde.

Gardane har svært artsrike slåtteenger, delvis grunna lite eller inga gjødsling. Artsrikdom, strukturen i landskapet og måten området vert hevda på i dag, gjer at den biologiske verdien av Holtan og Grimstad er sett til svært viktig (A1 - nasjonal verdi).

B2 Espenhjelle

Espenhjelle er først og fremst med på grunn av stor botanisk verdi. Her er mange sjeldsynte, raudlistearter, mange av dei er avhengige av årleg slått. Området er rekna for svært viktig, dvs. A1. Ut over dette har vi her eit særeige og velhalde kulturlandskap som også er eit populært turmål.

B3 Furset og Engeset

På Engeset og Furset er jorda nokså bratt og dårleg arrondert. Moderne, effektiv jordbruksdrift let seg vanskeleg gjennomføre på desse gardane.

Det er ikkje registrert særskilt verdifullt biologisk mangfald på desse gardane. Grunnlaget for å tilrå gardane som kjerneområde kulturlandskap er noko ulikt for dei to:

Furset-gardane ligg svært godt synlege frå riksvegen gjennom Strandadalen. Veggen svingar slik at gardane kjem midt i mot. Det er difor svært viktig for landskapsbiletet at stellet av desse gardane held fram.. Ein ser det slik at etter denne grunngevinga vil dei øvste areala som er mest synlege vere dei viktigaste. Ein har difor avgrensa området slik at dei lægre, meir skjulte areala er utelatne.

På Engeset er det fleire gardar som ligg tett i lag, nokre av dei nesten som klyngetun. Steingardar og –geiler set preg på landskapet. Det er drift med sau på alle gardane, det er eit godt landbruksmiljø og gardane er svært vakkert stelt. Sauene held nede vegetasjonen i den vidgjetne Habostaddalen som har ei populær turrute til Patchellhytta og Slogen (jf. Emballasjen til verdsarvprodukt frå Tind). Alt areal på Engeset er med i kjerneområdet.

B4 Instesetra, Strandamoldskreddalen

Sunnylvmoldskreddalen og Strandamoldskreddalen er dei einaste to stadane i kommunen det er aktiv seterdrift i dag. Båe er tekne med på grunnlag av kvalitetane som kulturlandskapsområde og friluftsområde.

B5 Hellesylt sentrum og sentrumsnære bruk

Omsynet til landskapsrom gjer at dyrka jord og beite i sentrum, nærare bestemt Korsbrekke og nedste del av Stadheim, er prioriterte. Gardane ligg sentrumsnært og er svært synlege frå sentrum men særleg frå motsett side der både hovudvegen og tyngda av bustadane ligg. Kjerneområdet er avgrensa til dei lett synlege areala.

Gardane Ringdal, Åsen og Hellebostad er ikkje direkte knytte til kvarandre, men argumentasjonen for å ha dei med i eit kjerneområde kulturlandskap vil bli svært lik. Det er

estetiske verdiar, kvalitetar for friluftsliv, høve til utnytting i reiselivssatsing og nærleik til Hellesylt sentrum som gjer at desse gardane er prioriterte.

På Ringdal har vi også teke med setra i Sunnlyvsmoldskreddalen. Stort beitetrykk set stort preg på landskapet. Dette er eit populært utfartsområde.

B6 Fjord- og fjellgardar i Sunnlyvs- og Geirangerfjorden

Kjerneområdet omfattar dei aktive bruka Liene og Ljøen, og dei fråflytta i Oaldsbygda, Furnes, Yste-Åkneset, Me-Åkneset, Lundanes, Matvik, Syltevik, Blomberg, Horvadrag, Knivsfå og Skageflå.

Fleire av gardane representerer det ypparste og mest ekstraordinære av kulturlandskap i landet med si særmerkte plassering og historie. Til nokre av bruka knyter det seg store biologiske verdiar. Nedre-Ljøen vert av Holtan og Grimstad rekna for svært viktig (A1 – nasjonal verdi). Høgt biologisk mangfald, mest knytt til utmark, ligg til grunn for vurderinga.

På dei fråflytta gardane er jordbruksareala er for ein stor del i forfall, moglegheiten for skjøtsel gjennom landbruksdrift er liten. Oaldsbygda vert nytta som beite.

Bygningane vert haldne vedlike på dei fleste bruka, nokre stader ved hjelp av Storfjorden Venner.

Som vi også påpeiker i innleiinga til dette kapitlet, er det stor mangel på verkemiddel for vedlikehald.

B7 Geiranger

Heile Geirangerbygda er omfatta av kjerneområdet.

Dei fleste verdiar er representerte: Områder med biologisk mangfald av høg verdi, kulturminne/ kulturmiljø av høg verdi, flott landskapsoppleving (visuell og estetisk verdi) og ikkje minst er området lett tilgjengeleg.

Fjordområdet er ved sida av Nærøyfjorden / Aurlandsfjorden i Sogn det største urørte fjordlandskapet i landet utan vesentlege inngrep. Tilsvarande fjordsystem finst ingen andre stader i Europa og er eit eineståande natur- og kulturobjekt i internasjonal målestokk. Dei to områda vart tildelt verdsarvstatus i 2005.

I Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap som vart gjennomført i perioden 1992-94 har Geiranger fått status Spesielt verneverdig. Sett i slike perspektiv vil det vere unaturleg å plukke ut nokre deler av bygda som mindre viktige.

Homlong er likevel i ei gråson. Attgroinga har her kome så langt at området er i ferd med å misse kulturlandskapskvalitetane. For landskapsbiletet hadde det vore svært ynskjeleg om også Homlong vart slått og stelt.

Ørjasetra og Opplendskedal har opplagt mindre særeigne kulturlandskapskvalitetar og mindre biologisk mangfald enn lenger ned i bygda. Dette gjeld òg delvis også Flydal. For heilskapsinntrykket er likevel desse gardane viktige.



Kan du finne sela? Frå Kvanndalssetra i Geiranger

Del III Status

Plandokument og rammer

Nasjonale og regionale mål

Lokalt landbruk og lokal landbruksforvaltning vil operere innanfor eit rammeverk gitt av nasjonal og regional politikk, gitt i overordna plandokument og vedtak, lover og forskrifter.

Langsiktig retning for nasjonal politikk er fastlagt i ulike stortingsmeldingar, og dei viktigaste er:

- Stortingsmelding nr. 19 (1999-2000) "Om norsk landbruk og matproduksjon
- Stortingsmelding nr. 29 (1996-97) "Regional planlegging og arealpolitikk"
- Stortingsmelding. nr. 17 (1998-99) "Skogmeldinga"

Retningslinjer for regional politikk er lagt i:

- FRAMOVER - Fylkesplan for Møre og Romsdal 2005-2010
- Regionalt utviklingsprogram 2005-2008, samt årlege handlingsprogram tilknytt denne
- Strategiplan for utvikling av skogbruket i Møre og Romsdal (1997). Revidert strategiplan vil bli klar i løpet av hausten
- Næringsstrategi (Regional strategi for landbruksrelatert næringsutvikling i Møre og Romsdal 2007)
- Jordvernstrategi for Møre og Romsdal (2007)

Viktige lokale målsettingar

- Kommuneplan 1992-2002 og grendevisse kommunedelplanar tilknytt denne
- Storfjordprosjektet
- Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap, del nord
- Forvaltningsplan Geiranger, tiltaksdel
- Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda

Verkemiddel

Juridiske verkemiddel

At landbruket er viktig for storsamfunnet vert synleggjort mellom anna gjennom det store talet med lover og forskrifter som regulerer næringa. Ein grov omtale av dei viktigaste som kommunen forvaltar:

- **Jordlova** vernar om dyrka og dyrkbar jord til fordel for landbruket. Lova seier i utgangspunktet at slike areal ikkje må brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon og at dyrkbar jord ikkje må disponerast slik at ho vert ueigna til jordbruksproduksjon i framtida. Det er

ikkje lov å dele ein landbrukseigedom utan samtykke frå myndigheitene

- Forskrift om **nydyrking** seier at alle planar om nydyrking må på høyring og godkjennast for å unngå skade på natur- og kulturlandskap
- **Konsesjonslova** sett krav til kven som kan få kjøpe/ overta ein landbrukseigedom, og kva vilkår som skal gjelde

- **Odelslova** seier at ved overdraging av ein landbrukseigedom kan dei med betre odelsrett gjere krav på å ta over garden. Åsetesretten bestemmer at etterkommarane har rett på å overta jorda etter ein eigar som dør. Odels- og åsetesretten er i hovudsak privatrettslege
- **Bu- og driveplikta** er gitt i konsesjonslova og odelslova, og er ei plikt for den som tek over ein landbrukseigedom til å bu der og drive den i eit visst tal år
- Forskrift om **vegbygging** stiller krav til at bygginga medfører landbruksfaglege heilskapsløyisingar og omsyn til miljøverdiar
- **Skogbrukslova** vil fremje berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med

sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen

- **Matlova** heimlar mellom anna krav til bruk av plantevernmiddel og krav om å tyne enkelte viktige skadegjerarar
- **Forureiningslova** skal sikre ein forsvarleg miljøkvalitet. Under denne lova kjem mellom anna Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav med krav til bruk og lagring av husdyrgjødsel, og Avfallsforskrifta med krav til korleis avfall skal handsamast

I tillegg skal det nemnast at alle gardsbruk som mottek produksjonstilskott må ha ein **miljøplan**

Økonomiske verkemiddel

Ymse økonomiske støtteordningar er stilt til disposisjon for landbruksnæringa. Nokre er generelle og har som siktemål å styrke økonomien i næringa og slik medverke til eit aktivt og berekraftig landbruk innanfor dei målsetjingar Stortinget har trekt opp. Nokre av dei tek sikte på å påverke næringa i bestemte retningar.

- **Produksjonstilskott** er eit samleomgrep for ei gruppe av direktetilskott baserte på driftsomfang
- **Velferdsordningar** er ordningar som skal gi bøndene meir likestilte vilkår med lønnsstakarar, t.d. tilskott til avløyising ved sjukdom og til ferie og fritid
- **Regionalt miljøprogram** omfattar tilskott tildelt frå fylket etter ymse miljøkriterium som for det meste handlar om kulturlandskap og biologisk mangfald
- **Bygdeutviklingsmidla** (BU) omfattar fleire ulike støtteordningar. Tilskott eller rentestøtte til investeringar i gardsdrifta eller utvikling av tilleggsnæringar på garden vert forvalta av Innovasjon Norge. Bygdemobiliseringstiltak og praktikantordninga er fylkeslandbrukskontoret sitt ansvarsområde
- **SMIL-midlar** (Spesielle miljøtiltak i jordbruket), blir tildelte tiltak som har som målsetting å stelle kulturlandskapet eller redusere forureining. Fellestiltak vert prioriterte, og planleggings- og tilretteleggingstiltak som gjeld fleire bruk er gitt aller høgast prioritet. Kommunen forvaltar ordninga, retningslinjer for handsaminga finn du i vedlegg 2
- Tilskott til **økologisk landbruk** vert gitt for å fremje måla om å gjere ein større del av landbruket økologisk drive
- **Erstatningsordningar** kan gjevast ved skader eller tap som følgje av klimatiske tilhøve og plante- eller dyresjukdommar
- **Skogavgifta** har som føremål å sikre finansiering av eit berekraftig skogbruk på eigedommen. Ved hogst skal ein del av tømmerinntektene avsetjast til skogfond. Når det blir gjort tiltak i skogen vert skogfondet betalt ut att som tilskott. Dette er ein konto for den einskilde skogbrukar
- **Tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket** omfattar tilskott til planting og ungskogpleie, til drift i vanskeleg terreng og til skogsbilvegar. Ordningane vert forvalta av kommunen, sjå overordna retningslinjer i vedlegg 2

Lokal forvaltning

Ressursar på næringskontoret

Næringsavdelinga har frå 01.01.2007 følgjande bemanning som arbeider med landbruk: Næringsssjef (100% - arbeider også med andre nærings saker), konsulent (50%), sekretær (50%), skogbrukssjef (45%). Skogbruksstillinga er eit interkommunalt samarbeid mellom Norddal, Stranda og Sykkylven.

Avdelinga er organisert som eiga avdeling under rådmannskontoret. Arbeidet er sakshandsaming etter landbrukets særlover, tilskottsforvaltning, rådgjeving og informasjon.

Avdelinga er også ein pådrivar og viktig medspelar til ulike tiltak for å fremme verdiskapinga i landbruket.

Viktige samarbeidspartnarar

- Som eit viktig ledd i kvalitetssikringa har næringsavdelinga eit nært og godt fagleg samarbeid med landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke.
- Innovasjon Norge forvaltar BU-midla. Kommunen er kontaktledd mellom gardbrukarane og Innovasjon Norge.
- Indre Sunnmøre forsøksring og Midtnorsk Økoring står for viktig fagleg rådgjeving overfor næringa, og kan ofte vere samarbeidspartnarar ved ynskje om gjennomføring av tiltak. Forsøksringane får tilskott frå kommunen.
- Ved tilsetting av arbeidsfolk kan gardbrukarane velje å stå for dette sjølve. Dei fleste veljar imidlertid å gjere det gjennom eit avløysarlag. Sunnylvn avløysarlag er frå 2008 slått saman med Storfjord Landbrukstenester, som no dekker heile kommunen.
- Norddal rekneskapskontor har spesialkompetanse på utarbeiding av driftsplanar i samband med investeringar
- Gardbrukarane er organisert i lokale landbruksorganisasjonar: Geiranger Bondelag, Liabygda Bondelag, Stranda Bondelag, Sunnylvn Bondelag, Stranda Skogeigarlag. Det vert lagt vekt på å rådføre seg med desse for innspel og samarbeid ved gjennomføring av tiltak
- Vi legg vekt på å ha eit godt samarbeide med den einskilde gardbrukar i kommunen.

Forvaltningspraksis i Stranda kommune

Det syner seg at jordvernet ofte må vike når det gjeld utviding av eksisterande industri. Utover dette blir det for tida ikkje omdisponert mykje jord til annan bruk enn landbruk.

Det har vore vanleg praksis med løyve til frådeling av tunområde med areal opp til 5 daa dersom resten av eigedommen blir seld som tilleggsjord. Ofte har ein i slike tilfeller også tillate frådeling av naust eller sel i lag med tunet.

Kommunen deltok i 2000-2003 i Jordformidlingsprosjektet i regi av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (no Møre og Romsdal fylke). Hovudmålet var å stimulere til auka frivillig omsetting av landbrukseigedom.

Kommunen har i liten grad fylgt opp bu- og driveplikta dei seinare åra.

Landbruket i Stranda kommune

Naturgjevne forhold og naturgrunnlag

Stranda har fem bygdelag: Liabygda, Stranda, Fausadalen, Sunnylvn og Geiranger.

Klimaet er fuktig, om lag 1 300 mm årsnedbør. Somrane er relativt kjølige og vintrane etter måten milde. Mellom dei høge fjella er det stor variasjon i lokalklimaet, varierende etter soltilhøve og høgde over havet.

Storparten av kommunen høyrer heime i den svakt oseaniske seksjonen, med eit minskande innslag av kystbundne plantar austover. Stranda ligg i skjeringpunktet mellom aust og vest, mellom kyst og innland.

Berggrunnen er laga av gråsteinsberg (sur og næringsfattig granittisk gneis), med berre små og tilfeldige innslag av lettløyselege kalkbergartar.

Topografien i kommunen er dramatisk, med tronge og djupe fjordar, mange små dalføre, mektige fossar og gjel, bratte fjordlier og ei rad med fjell som stikk høgare enn 1700 moh., gjerne med blåbrear og stupbratte fjellsider.

Istidene har etterlate seg fleire eksempel på hengande daler. Ein bratt og trong elvegraven V-dal nærast fjorden vider seg høgare oppe ut i ein bregraven U-dal med flat dalbotn.

Kulturlandskapet omfattar alt det landskap som er påverka av menneske, men i praksis vert omgrepet først og fremst nytta om jordbrukets kulturlandskap. Kulturlandskapet i Stranda kommune er svært variert, og strekker seg frå fjord til fjell.

I Stranda kommune kan vi smykke oss med å ha eit av verdens mest kjente kulturlandskap. Med dette følgjer sjølvstøtt også stort ansvar for landbruksnæringa og for landbruksforvaltninga.

Storfjordprosjektet med registrering av kulturlandskapsverdiar i Norddal, Stordal og Stranda kommunar vart gjennomført i 2001-2003. Fylket var ansvarleg og Ann Norderhaug var prosjektleiar. I prosjektet vart det også gjort framlegg om tiltak for bevaring av kulturlandskapsverdiar.

Fråflytta gardar langs fjorden

I kommunen er det fleire vegause gardsbruk langs fjorden. Desse har alle ei særmerkt plassering og interessant historie, og er omfatta av stor interesse. Medan dei var i drift var kulturlandskapet på desse gardane mellom det aller ypparste vi har i landet vårt.

Alle bruka utan vegsamband er fråflytta, dei siste på 1960-talet, og det er ikkje landbruksdrift. På nokre av dei blir deler av innmarka slått som landskapspleie utan at avlinga blir nytta til produksjon. I Oaldsbygda er det dei siste åra starta opp att med beiting. Sauer blir skyssa inn med båt frå Hellesylt.

På mange av bruka blir husa haldne ved like, enten av grunneigarane eller ved hjelp av Storfjordens venner.

Det har i nokon grad blitt løyvd SMIL-midlar til desse bruka.

Jordbruksareal

Jordbruksareala i kommunen er konsentrerte til dalbotnane og nokre hyller over fjorden. Variasjonen er stor, alt frå område med gode vilkår for eit rasjonelt landbruk, men òg alle grader av marginale område. Dei mest marginale er for lengst gått ut av bruk, men på mange av dei ligg det godt til rette for alternativ næringsutvikling.

Jordbruksareal er definert som fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Totalt jordbruksareal i drift i Stranda har vore svakt stigande dei siste fem åra, og er no vel 16 100 daa jordbruksareal.

Det er om lag 99 000 daa produktivt skogareal i kommunen.

Samla areal for Stranda kommune er 867 000 daa (876 km²). Landbruket disponerer såleis snautt 2 % av kommunen sitt landareal til jordbruk og 11 % til skog. Landsgjennomsnittet ligg på 3 % jordbruksareal og 38 % skogareal (SSB).

Gardsbruk

Stranda er ein stor jordbrukskommune i fylket rekna i tal gardsbruk. I 2007 søkte 113 produsentar i Stranda om produksjonstilskot. Jordbruket i Stranda, slik som i landet elles, har gjennomgått ei rask utvikling mot færre og større bruk. Det har vori ein avgang på om lag 4 søkjarar kvart år dei siste åra.

Det er tre settrar i drift i kommunen.

Planteproduksjon

Fulldyrka eng utgjer om lag 78 % av jordbruksareala i kommunen. Auken i areal skriv seg frå at areala av innmarksbeite har auka frå 2 833 daa i 2000 til 3 011 daa i 2005. Innmarksbeite utgjer i dag 18 % av jordbruksareala i kommunen.

SMIL-tilskott som blir gitt til beiterydding og oppsetting av gjerder, er truleg ein årsak til auken i beiteareal. Tilskott til beitedyr gjennom produksjonstilskott og regionalt miljøprogram har nok også effekt på interessa for beita.

Det er ingen kornproduksjon i kommunen.

Frukt-, bær- og grønsaksproduksjonen er avgrensa til eit par produsentar. Særleg Geiranger har fortid som fruktbygd, og vi finn her mange rester av kommersielle frukthagar.

To bruk har søkt om tilskott til økologisk drift i 2007, og 131 daa areal som er økologisk eller i karens utgjer snautt ein prosent av jordbruksarealet i Stranda. Landsgjennomsnittet er 2,9 %.

Husdyrproduksjon

Husdyrhaldet er berebjelken for landbruket i kommunen. Sau, storfe og geit er dei viktigaste husdyrslaga. Desse drøvtyggarane er også dei som et graset på engene og beita som utgjer nesten heile jordbruksarealet i kommunen, og kan difor samnemnast som

grovfôrbasert husdyrhald.


Det er i dag ikkje dyr av bevaringsverdige husdyrassar i kommunen. Det ser ut for at ei besetning av vestlandsk fjordfe snart vil finne ein ny heim i kommunen.

Storfe

Figur 1 syner utviklinga frå 1980-2007 for gardsbruk med kumjølke. Det har vore ein nedgang frå 88 produsentar i 1990 til 51 produsentar i 2007, dette vil seie ein nedgang på 42 %. Gjennomsnittlig har 3 produsentar slutta kvart år dei seinare åra.

Det har også vore ein nedgang i tal mjølkekyr dei seinare åra, men ikkje like dramatisk. Nedgangen frå 1990 til 2006 er på 16 %. I 2005 vart det levert 4,4 millionar liter kumjølke frå 57 mjølkeprodusentar.

Figur 2 syner storfe utanom mjølkekyr, det vil seie kalvar, kviger, oksar og ammekyr. Også her er det ein nedgang, som riktig nok er nokså svak. Ammeku, dvs ku som ikkje blir mjølka men som får gå med ein eller fleire kalvar, er det bare om lag 30 av i kommunen, fordelt 7 på produsentar. Frå 1997 har det vori omsetting av mjølkekvoter i Noreg. Det vil seie at dei som vil slutte får seld denne og at dei som vil produsere meir får kjøpe. Dette har gått via det statlege organet Statens landbruksforvaltning, men dei seinare åra har det også vori privat omsetting av mjølkekvoter. I byrjinga vart mykje av den selde mjølkekvota trekt inn på grunn av overproduksjon, men frå 2002 er alt seld ut att til mjølkebøndene. Dei siste åra har bøndene fått produsere nokre prosent over kvota fordi det no har vorti litt for lite mjølke.




Figur 1 Kutalet oppgitt som snitt av talet ved årsskiftet og pr 1/8 kvart år (Kjelde: SLF).


Figur 3 syner korleis omsetting av mjølkekvoter har slått ulikt ut i kommunane i fylket. Det er til dels store endringar. Stranda har hatt litt oppgang i total kvote, og har tredje beste netto endring på Sunnmøre. Total mjølkekvote i kommunen før omsettingsrunden hausten 2007 var 4 655 403 liter.

Om lag 82 % av mjølkeprodusentane i kommunen finst i bygdelaga Sunnylvn og Stranda.

I Stranda kommune var det pr 01.08.2007 tre samdrifter med mjølkekyr. To av desse er samdrifter med ein aktiv og ein passiv brukar. To samdrifter til med aktiv og passiv deltakar er i emning. Ein brukar i vår kommune vil bli passiv deltakar i ei samdrift i ein annan kommune.




Figur 2 Tal storfe utanom mjølkekyr. Tal ved nyttår kvart år (Kjelde: SLF)



Figur 3 syner korleis mjølkekvotene har endra seg totalt for kommunane i Møre og Romsdal frå 2002 til 2006

Sau



Figur 4 Sauetal oppgitt som alle dyr i fjøset ved nyttår kvart år (Kjelde: SLF)

Frå 1980-2005 har tal bruk med vinterføra sau blitt redusert til om lag 1/3. Avgangen av bruk har akselerert noko dei aller siste åra. Dette kan ha store konsekvensar for attgroing i utmark. Bruka som er att har fått fleire dyr, dyretalet har berre hatt ein svak nedgang. Gjennomsnittleg tal sau pr bruk i 1980 var 19, medan gjennomsnittet i 2007 var 53.

Utvikling i talet sauebruk og tal sau i kommunen syner i

Figur 4.

Flest sau og tal bruk med sau finst i bygdelaga Sunnlyven og Stranda. Om lag 83 % av bruka med sau i kommunen finst her.


Utegangarsau finst ikkje i kommunen.

Geit

Utviklinga innan geitehaldet er meir stabilt, sjå Figur 5.

Geitehaldet har halde seg godt oppe dei siste åra. Det har vore meir kvote å få kjøpt på geitemjølkk enn på kumjølkk, og mange av geitebruka har kjøpt svært mykje. Det er ikkje så mange slike bruk, men dei har på den andre sida vorte svært store i produksjonsomfang. Kommunen har no 35% av geitemjølka i fylket, og er den nest største geitekommunen i landet og den største i Sør-Noreg. I 2005 produserte vel 1 700 geiter 985 000 liter geitemjølkk fordelt på 15 geitebruk. I 2006 var total mjølkekvote for kommunen 1 069 903 liter.

Bortsett frå ein produsent i Geiranger, er geitemjølksprodusentane lokalisert i Sunnlyven og Stranda.



Figur 5 Geitetalet oppgitt som snitt av talet ved årsskiftet og pr 1/8 kvart år (Kjelde: SLF)

Andre husdyr

Det er ein del hestar i kommunen. Totaltalet har vi ikkje. På bruk som søker produksjonstillegg er det om lag 40 fordelt på 13 bruk

Det er 3 bruk med gris i kommunen. Det er eitt bruk med kommersiell eggproduksjon.

Skogbruk

Områdetaksten for Stranda er frå 1992, og det bør snart gjennomførast ein ny skogtakst for å få oppdaterte opplysningar om skogressursane i kommunen. Areala i Geiranger vart ikkje tekne med i denne områdetaksten. Hovudtal frå registreringane som vart gjort i 1992:


Produktivt skogareal: 52310 dekar

Kubikkmasse: Gran: 107962 m³

Furu: 147355 m³

Lauv: 168595 m³

Årleg tilvekst: 19365 m³




Figur 6 Hogstklassefordelinga syner at ein har mykje skog i hogstklasse 4 og 5. Mange av dei større plantingane frå 50- talet er no i hogstklasse 4. Underavverking i mange år har ført til at det i dag står mykje hogstmoden skog i kommunen




Figur 7 Ein stor del av skogareala har høg bonitet (17 og høgare)

Aktiviteten i skogbruket i Stranda kommune 1980 - 2006:



Figur 8 For få år sidan vart det drive fram ein del virke med landbrukstraktor og vinsj. I dag vert det aller meste av hogsten utført av hogstmaskiner. Det er ikkje kvart år ein har tilgang på slikt utstyr i kommunen, og avverksingsstatistikken vert såleis prega



Figur 9 Nyplantinga har gått sterkt attende frå 1980- og -90-talet. Nokre av grunnane er endra statlege tilskotsordningar, tilrådingar om redusert platetettleik, meir bruk av naturleg forynging og sterk nedgang i treslagsskifte frå lauv til gran og skogreising

Karakteristika for kvart bygdelag

Dei fire bygdelaga i Stranda kommune er såpass ulike at felles statistikk kan skjule kva som er status i dei enkelte bygdene. Vi har difor funne det formålstenleg å presentere ein del nøkkelopplysningar om kvar bygd for seg.

Sunnylven

	1976/-77		1980		1990		1999		2006	
Dyrka jord (-beite)										6637
Tal bruk	107		102		81		71		54	
	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk
Mjølkegeit	1176	20	1494	18	910	12	771	10	665	7
Mjølkeku	604	73	576	62	603	49	588	46	510	35
Ungdyr av storfe	669	74	682	73	955	61	1262	51	1016	39
Vinterfora sau	1125	83	1280	74	1390	48	1410	41	1363	29

Sunnylven er den klart største jordbruksbygda. Her er 51 % av kommunen si dyrka jord og 46 % av bruka, 66 % av mjølkekyrne og 65 % av mjølkebruka.

Mykje av arealet er relativt flatt og lettdrive etter Vestlandsforhold, men der finst òg ein god del bratt og tungdrive areal. Det er mangel på dyrkajord, og jordleigeprisane er nokså høge.

Av gardane langs fjorden, er to bruk på Ljøen einaste i drift i dag. Her er det registrert spesielt verdifull biologi.

Bygda har ei dominerande bedrift, Ole Ringdal

AS, og mange av gardbrukarane i Sunnylven arbeider her. Etterkvart er det få som driv jordbruk på heiltid.

Sunnylven har eit velfungerande bondelag som også legg vekt på å vere eit sosialt forum. Her er også kommunen sitt einaste bygdekvinnelag.

Eit områdetiltak/ bygdemobiliseringsprosjekt er sett i gang i bygda i 2007, og prosjektet er planlagt å strekke seg over tre år. Sunnylven har stor gjennomstrøyming av turistar, slik at potensialet for landbrukstilknytt næringsutvikling er stort.

Stranda og Fausadalen

	1976		1980		1990		1999		2006	
Dyrka jord (-beite)										4506
Tal bruk	123		119		91		63		42	
	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk
Mjølkegeit	613	5	679	5	532	6	659	6	917	6
Mjølkeku	326	53	283	36	243	26	192	16	159	11
Ungdyr av storfe	667	91	698	78	909	54	716	34	536	19
Vinterføra sau	1675	96	1855	90	2275	59	1742	36	1445	28

I Fausadalen er det to bruk i drift med geit og sau. I statistikken reknar vi Fausadalen i lag med Stranda. Stranda og Fausadalen har 35 % av kommunen si dyrka jord, og 36 % av bruka. Her er 20 % av mjølkekyrne og 20 % av mjølkebruka.

I Stranda har det vore stor avgang av bruk. Her er bare att 35 % av bruka frå 1980. Ein omfattande industri med stor trong for arbeidskraft er i alle fall ei forklaring på dette. Av dei som no er att er det ein del heiltidsbrukarar.

Dei aller største geitebruka er på Stranda, og produksjonen har auka siste tida.

Dei siste åra er det gjennomført mange byggeprosjekt på gardane, og haldninga verkar å vere nokså optimistisk. Snittstorleiken på gardane har i det siste auka meir her enn i Sunnlyven, og Stranda har nesten nådd att Sunnlyven når det gjeld tal mjølkekyr pr bruk.

Området har ein stor prosentdel relativt lett driven jord, men i deler av området er det også mykje bratt areal. Strekninga Kjølås-Opsvik og Furset/ Engeset må nemnast spesielt i den samanhengen. Det er mangel på areal, men noko av den mest tungdrivne jorda er likevel gått ut av drift. Nær sentrum er det eit visst press på bygging på dyrka mark.

Espehjelle ligg på ei hylle 2 km utover fjorden frå Stranda sentrum. Både garden og området rundt er registrert med svært verdifull biologi. Garden er for lengst nedlagt og fråflytt, men blir slått og stelt kvart år.

Det er eit velfungerande bondelag i bygda.

Liabygda

	1976		1980		1990		1999		2006	
Dyrka jord (-beite)									876	
Tal bruk	19		20		17		11		10	
	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk
Mjølkegeit	0									
Mjølkeku	83	11	76	10	68	7	54	5	77	6
Ungdyr av storfe	117	16	138	15	155	11	105	5	113	6
Vinterføra sau	190	16	193	16	210	9	226	6	405	6

Liabygda har eit lite produksjonsmiljø, men dekker interessant nok nesten alle produksjonane: storfe, sau, høner, gris, skog, bær- og grønnsakproduksjon. Det er berre geitemjølksproduksjon som ikkje er representert her.

Liabygda er ikkje stor i areal, og bygda har heller ikkje mange bruk. I lag med Sunnlyven er Liabygda staden med lågast nedgang i tal bruk frå 1976 til no. I samanheng med dette,

er snittstorleiken på bruka lågaste i kommunen. Bygda har mange deltidsbruk, og folk reiser både til Stordal, Valldal og Stranda på arbeid. Inntrykket er at miljøet, optimismen og satsingsviljen i landbruket likevel er bra.

Liabygda skil seg ut ved å vere den klart mest aktive skogbygda. Liabygda har eige bondelag.

På hyllegardane Ansok og Kleberg er det registrert store biologiske verdiar.

Geiranger

	1976		1980		1990		1999		2006	
Dyrka jord (-beite)										967
Tal bruk	33		28		21		13		8	
	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk	Dyr	Bruk
Mjølkegeit	104	2	116	2	195	3	128	1	122	1
Mjølkeku	67	13	55	8	60	6	52	5	24	3
Ungdyr av storfe	120	19	115	15	124	10	77	7	48	7
Vinterføra sau	755	31	676	25	615	14	349	9	238	7

Som tabellen viser, har landbruket gått sterkt attende i Geiranger. Den dramatiske utviklinga omfattar alle dyreslag og bruk, med unntak av geit. Som eit resultat har bruka i Geiranger no største snittarealet av bygdelaga våre, men med svært stort spenn innanfor snittet.

Innmark er no i ferd med å gå ut av bruk.

Jordvegen er for ein stor del bratt og tungdriven. Noko av den mest lett drivne jorda blir slege av bønder i nabokommunen. Det er omfattande attgroingsproblematikk i utmark.

På den andre sida er det svært gode utmarksbeiter, med tilhøyrande høge lammevekter.

Landbruket i Geiranger har ein særskilt status. På store deler av landbruksarealet i Geiranger er det førekomstar av høg biologisk verdi.

Bygda har stor gjennomstrøyming av turistar, og er nærast eit nasjonalsymbol for Noreg. Geiranger er ein viktig del av Vestnorsk fjordlandskap som fekk verdsarvstatus i 2005, noko som gir eit ekstra kvalitetsstempel til området og ein eksklusiv internasjonal status. I totalpakka Geiranger er landbruket eit særskilt viktig element, og dei brattaste areala er dei mest interessante i denne samanhengen. Det er av nasjonal interesse å bevare landbruket i Geiranger.

Mange av gardsbruka har turisme, t.d. hytteutleige, som attåt næringsmiddel. Mange av brukarane har arbeid i turistnæringa. Geiranger bondelag har liten oppslutnad og låg aktivitet.

Særskilte tiltak i Geiranger

Som sagt er det av nasjonal interesse å bevare landbruket i Geiranger. Nokre viktige undersøkingar og planar som er blitt utarbeidd dei aller siste åra:

- 'Eit opnare Geiranger.' Områdetiltak/ bygdemobilisering frå 2003-2006. Tiltaket var initiert av Geiranger bondelag og Stranda kommune, og finansiert hovudsakleg med fylkeskommunale midlar. Målsettinga var å finne fram til tiltak som kan halde kulturlandskapet i hevd, stimulere husdyrhaldet og fremje næringsutvikling. Odd Sætre var prosjektleiar.
- 'Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap del nord' ligg i desse dagane hos Direktoratet for naturforvaltning for godkjenning. Møre og Romsdal fylke har stått for denne planen, som er knytt til verdsarvstatusen. Planen inneheld mellom anna ein forvaltningsplan for Geiranger med tiltaksdel, vedteke av Stranda kommunestyre 25/5 2005. Landbruk, kulturlandskap og biologisk mangfald er ein viktig del, og den er lagt ved landbruksplanen som vedlegg 3.
- 'Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyane' vart vedteke av verdsarvrådet 15/6 2007. Per Kristian Frøysa er prosjektleiar. Målsettinga er oppretting av nye, målretta økonomiske verkemiddel for verdsarvområda. Det er førebels uklart når verkemidla vil tre i kraft.

Desse prosjekta har kommi fram til mange konkrete framlegg til tiltak for å oppretthalde verdiane i Geiranger, og må følgjast opp.

Landbruksbaserte tilleggsnæringar

Tilhøva skulle ligge godt til rette for ulike slag av nisjeproduksjonar og tilleggsnæringar på gardsbruka i Stranda kommune. Ei viktig årsak til at det hittil har vore registrert nokså lita interesse for slike moglegheiter, er sjølvstøtt den svært gode tilgangen på jobbar utanom bruket.

Kommunen har ikkje full oversikt over aktiviteten innanfor landbruksbaserte tilleggsnæringar, så gjennomgangen blir litt grovmaske.

Utleige og turisme

På dei aller fleste bruka i Geiranger er det turishytter og/ eller campingplassar. Her er også gardsrestaurant og turisttilbod på Vesterås. Ut over dette er det ikkje utvikla andre gardstilbod for turistane i Geiranger. Verdsarvområdet vestnorske fjordlandskap vart i 2005 av Innovasjon Noreg utpeika for pilotprosjekt for geoturisme. Geoturisme er definert som 'Turisme som ivaretek, forsterkar og framhever den lokale eigenarten til ein stad

– miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og som kjem lokalsamfunnet til gode.'

I dei andre bygdelaga er det lite turistretta tilbod på gardane. På Sunnlyven er dette sjølvstøtt av moglegheitene ein arbeider med i bygdeutviklingsprosjektet.

Det vert også frå kommunen si side arbeid med næringsutvikling i tilknytning til setrene.

Gardsmat og matforedling

Stranda kommune deltek i Prosjekt Matmangfald i regi av Møre og Romsdal bondelag og med Solveig Brøste Sletta som prosjektleiar. Prosjektet arbeider for rekruttering av nye gardsmatprodusentar og oppfølging av etablerte produsentar. Eit par gardar i kommunen er knytt opp til prosjektet.

Den nystarta kjøtbedrifta Tind ynskjer å profilere seg på verdsarven og ynskjer lokale råvarer.

Mørkrullen i Geiranger er også nystarta, eit barn av 'Eit opnare Geiranger'. Kjøtbedrifta har gardstilknytning gjennom ein deleigar som er gardbrukar. Dei ynskjer også å produsere på lokale råvarer, men baserer seg så langt på leveranse frå Gilde.

Gardskjøkkenet AS i Fausadalen har fiskeprodukt på menyen.

Stranda vidaregåande skule har kjøttlinje og har i samband med dette godkjent kjøkken som kan nyttast av etablerarar til prøveproduksjon. Kjøttlinja tar også på seg foredling av varer for gardbrukarar.

Stranda kommune har mykje matvareindustri, særleg kjøtindustri. Konsekvensen for utvikling av gardsmat blir at her er mange innbyggjarar med god næringsmiddelkompetanse, men at desse innbyggjarane også har god tilgang på industriarbeidsplassar.

Grøn omsorg

- Garden som ressurs for opplærings-, helse- og sosialsektor.

2-3 bruk i kommunen har grøn omsorg-tilbod knytt til skulen, men det er stort unytta potensiale innanfor grøn omsorg

Andre moglegheiter

Fleire gardbrukarar tilbyr ulike **entreprenørtenester**. Organisert **bygdeservice** er her ikkje, men det kom opp som ein moglegheit i samband med tettstadutviklingsprosjektet i Geiranger.

Mange grunneigarar har stort potensiale i **kraftutbygging**, og mange utbyggingsprosjekt er i kjømda.

Innanfor den store kategorien **kulturformidling** blir det arbeid med 3-4 ulike tiltak i kommunen.

Det er så langt ikkje registrert interesse for **frukt- og bærproduksjon** og foredling, sjølv om naturtilhøva skulle ligge til rette for det.

Det har i 2007 vori noko informasjonsaktivitet om **pelsdyrhold**, men det er ikkje registrert interesse for produksjonen i vår kommune.

Del IV Vedlegg

Vedlegg 1: Kart

Vedlegg 2: Overordna retningslinjer for handsaming av søknader om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, skogbruksplanlegging og spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Vedlegg 3: Tiltaksdel for Forvaltningsplan Geiranger

